



Jarle Næss

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/7260 - 15/593

Saksbehandlar:

Anne Wergeland

Anne.Wergeland@lindas.kommune.no

Dato:

12.01.2015

Referat frå møte 12.januar 2015

Til stades:

Jarle Næss (Utd.forb.), Tonhild Ringås Olsen (Fagforb.), Kristin Moe (kommunalsjef for oppvekst), Ragna Midtbø (einingsleiar), Anne Wergeland (fagsjef)

Fråværande:

Vigdis Markussen (Delta) og Olaf M Hella (Skolelederforbundet)

Tema: Skule – og barnehagerute 2015 – 2016

1. Innspel etter høyring

Skule- og barnehageruta vart sendt på høyring 29.oktober med frist for innspel 12.desember. Rådmannen har fått innspel frå 8 skular, 4 barnehagar, kommunal leiargruppe for barnehage, Utdanningsforbundet, Fagforbundet og Skolelederforbundet.

Samanslåing av vinter- og påskeferie: 2 skular einig, 1 skule har ingen merknad, 1 skule var delt og tok derfor ikkje stilling, 4 skular ikkje einig. Av uttalene frå barnehagane (4 + 1) har 3 +1 ikkje uttalt seg og 1 barnehage var ueinig i samanslåing. Utdanningsforbundet og Fagforbundet var ueinig i samanslåing. Skolelederforbundet støttar samanslåing.

Skulestart, skuleslutt og juleferie: Ulike framlegg til endring der 2 skular ynskjer skulestart 13.august og 2 skular ynskjer 18., 19. eller 20.august. Skuleslutt i juni er foreslått flytta til 21.juni (1 skule) og 22.juni (2 skular). Siste dag før jul er foreslått flytta til 18.desember (4 skular + Utd.forb. og Fagforb.). Utdanningsforbundet ynskjer skulestart 13.august eller skuleslutt 21.juni. Fagforbundet ynskjer skulestart 13.august.

Planleggingsdagar i barnehagane: Planleggingsdagen 23.desember er foreslått flytta til 8.februar (om det vert planleggingsdag for skulane) eller til august (alle). Elles ynskje om samordning mellom skule og barnehage når det gjeld planleggingsdagar i august.

Oppstart av barnehageåret: Tidleg oppstart vert ei utfordring i høve ferieavvikling for personalet (1 barnehage)

Innspel i møtet: Utdanningsforbundet peikar spesielt på at samanslåing av vinter- og påskeferie er uheldig for 10.klasse. Det vert for lang ferie for tett opp til eksamen. Vidare er to dagar før jul i

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733
56 37 50 00



desember (21. og 22.) lite gunstig. Ynskjer i staden skulestart to dagar tidlegare i august eller skuleslutt to dagar seinare i juni. Fagforbundet støttar dette.

Fagforbundet peikar i høyringa på at veke 13 (vinterferien) i framlegget har ein raud dag og spør korleis denne skal avviklast. Dette gjer at vinterferieveka gir 4 dagar til ferie/avspasering. Den femte dagen må takast ut på eit anna tidspunkt i arbeidsåret etter avtale med arbeidsgjevar. For dei som er tilsett på skulevilkår har det ingen konsekvens. Skuleåret er uansett på 190 dagar.

2. Prosess

Rådmannen legg til grunn i sitt framlegg at det av omsyn til barn og foreldre/føresette er ei målsetting å få ei mest mogleg lik skulerute i regionen. Dette vil også vere ein føremon med lik skulerute for samordning av skuleskyss i regionen. Når det gjeld prosess er prinsippet om felles skulerute og utkastet til høyring drøfta i styret for kursregionen. Vidare prosess og vedtak er den enkelte kommune ansvarleg for.

Innspel i møtet: Fagforeiningane er begge sterkt ueinig i prosessen knytt til skuleruta. Ein meiner å sjå at kommunane «legg seg flat» for vedtak gjort i Bergen og i fylkeskommunen. Det vert sagt at det ikkje har vore prosess knytt til denne skuleruta i det heile i Bergen og til dels i nokre av kommunane i regionen. Begge fagforeiningane meiner at det er fullt mogleg å ha drøftingsmøte på regionalt nivå. Om det er slik at styret for Nordhordland kursregion (NKR) avgjer kva skulerute ein skal ha, vert det kravd drøftingar på dette nivået.

3. Konklusjon

- a. Rådmannen tek endeleg avgjerd på skule- og barnehagerute for 2015-2016 så snart som mogleg. Innspel i dette møtet vert vurdert seriøst.
- b. Rådmannen vil kalle fagforeiningane inn til eit møte i løpet av vår 2015 der ein sett seg saman og drøftar kva prosess vi skal nytte i framtidige drøftingar om skule- og barnehagerute.

Med helsing

Anne Wergeland
fagsjef skule

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Mona Hagewick
Astrid Namtvedt Sylta
Bente Kronhaug
Anne Wergeland

Juvikstølen 30 5914

Isdalstø

Mottakarar:

Jarle Næss

Tonhild Ringås Olsen

Kristin Moe

Ragna Midtbø

Vigdis Markussen

Olaf Michal Hella